



DEN NORSKE KYRKJA

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

Advent- og julenummer

NR. 5 - desember 2019 51. årg.

# Helgedagen

## Haugland gardsbarnehage s.8 Julevandring




Dåpskjole til utlån

side 11



Smil og takk på Lyefjell

side 12



Julefeiring i Etiopia

side 14



Høgtid i aust og vest

side 16

## Bryne - Time - Undheim sokn

### Kyrkjekontoret

tlf. 51 77 03 77

Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00

Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne

Inngang frå Saronsbrotet

heimeside: <http://www.time-kirke.no>

e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kirke.no

Prost: Kjell Børge Tjemmland tlf. 416 38 048

Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222

Diakon: Praxedes Slettebø tlf. 488 96 919

Sekretær: Inger-Kathrine Kjølleberg tlf. 51 77 03 77

Assisterande kyrkjeveje: Siri Vik tlf. 906 43 758

Kyrkjeveje: Gunnar Bjorland Stone tlf. 962 32 582

### Time

Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847

Organist: Oddny Underhaug tlf. 900 11 178

Trusopplærar Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872

Kyrkjetenar helg: John Ingve Olsen tlf. 481 56 048

Soknerådsleiar: Willy Finnback tlf. 913 86 545

Dagleg leiar: Anna Bergitte Skårland tlf. 990 26 276

Klokkar: Øivind Njølstad Egeland tlf. 51 48 32 84

### Bryne

Heimeside <http://www.brynekirke.no>

Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105

Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708

Trusopplærar Kristine Åsbø (permisjon) tlf. 922 67 251

Vikar Mari Ask Helland tlf. 911 63 039

Barne- og ungdomsarbeidar Marion Lende (permisjon) Vikar Marit Høie Hetland tlf. 51 77 03 77

Sekretær: Elisabeth Obrestad tlf. 908 58 793

Soknerådsleiar: Ola Undheim tlf. 467 98 464

Kyrkjetenar helg: Arne Espvik tlf. 990 26 276

Kyrkjetenar helg: Karin Sofie E. Olsen tlf. 990 26 276

### Lye forsamlingshus

Heimeside <http://www.lyeforsamlingshus.no>

Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847

Dagleg leiar: Anna Bergitte Skårland tlf. 990 26 276

### Undheim

Heimeside <http://www.undheimkirke.no>

Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20

Sokneprest: May Brit Merland Arnø tlf. 467 94 518

Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346

Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560

Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandmark tlf. 996 26 157

Dagleg leiar: Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 77

Besøk vår nettside:

**[www.time-kirke.no](http://www.time-kirke.no)**

E-post sokneråda:

Time sokneråd: time.soknerad@time-kirke.no

Bryne sokneråd: bryne.soknerad@time-kirke.no

Undheim sokneråd: undheim.soknerad@time-kirke.no

# Julehelsing

## - frå biskopen



Anne Lise Ådnøy

### Del raust av den store gleda

Kan det bli for mykje av det gode? 'Evangelium' tyder «Godt nytt». Noko nytt har hendt i vår tid, sjølv om det er over 2000 år sidan. Det er like einte-ståande som at verda blei skapt. Gud blei menneske.

Nokon har bore ordet om dette fram til oss. Det starta med orda frå engelen: «Eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket».

Evangelistane vil ikkje vera nøytrale, dei vil påverka til tru. Matteus kallar Jesusbarnet Immanuel, Gud med oss. I dette namnet ligg heile juleevangeliet, både at Gud ER med oss, og at Gud er MED oss. Namnet blir ei slags programerklæring. Gud seier: Nå er eg med dykk same kva som skjer. Eit ekko av desse orda finn me i dåps- eller misjonsbefalinga, der Jesus seier: «Sjå, eg er med dykk alle dagar.»

Diktaren Heinrich Böll var ikkje nokon kyrkjeven, likevel sa han: «Eg trur at ei verd utan Kristus ville få sjølv ateistane til å lengta etter han. Kven andre kan slik som han lokka fram det beste i oss: Omsorga for det svake, trua på at

det nyttar, at det går an å begynna på nytt.»

«Verden var aldri helt forlatt», syng artistar, skolebarn og kyrkjelydar i førjulstida. Takk Gud for det!

Denne rørsla starta med orda frå engelen «Eg kjem til dykk med bod om ei stor glede». Nå fører Ordet om gleda oss vidare inn i mange spørsmål og ut i kvardagane. Korleis lever me evangeliet ut, korleis deler me tru?

Nei, det kan ikkje bli for mykje av det gode! Del raust av trua. Del raust av gleda. Det du gjev, gjer deg rikare.

Med ønske om ei velsigna jule-høgtid!

Anne Lise Ådnøy  
Biskop

Framsida: Haugland gardsbarnehage på julevandring - Foto: Haugland gardsbarnehage

## Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug,

Reidun Jane Heskestad, Arnfinn Vigrestad og Bjørn Håland.

Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til [helgedagen@gmail.com](mailto:helgedagen@gmail.com) innan 13. januar 2020.

Neste nr. kjem ut ca. 13. februar 2020.

# Min salme

## O helga natt

*O helga natt, o helga stund för världen,  
då Gudamänskan till jorden steg ned!  
För att försona världens brott och synder,  
för oss han dödens smärta led.  
Och hoppets stråle går igenom världen,  
och ljuset skimrar över land och hav.  
Folk, fall nu neder, och hälsa glatt din frihet.  
O helga natt, du frälsning åt oss gav.  
O helga natt, du frälsning åt oss gav.*

*Ty frälsar'n krossat våra tunga bojor  
Vår jord är fri, himlen öppen nu är  
Uti din slav du ser en älskad broder,  
och se, din ovän blir dig kär  
Från himlen bragte frälsaren oss friden,  
för oss han nedsteg i sin stilla grav.  
Folk, fall nu neder, och hälsa glatt din frihet.  
O helga natt, du frälsning åt oss gav.  
O helga natt, du frälsning åt oss gav.*

Tekst: Placide Cappeau

Svensk omsetjing: Augustin Kock

Melodi: Adolphe Adam

Det er en egen opplevelse å stå i et kor og framføre en sang, spesielt etter å ha øvd og øvd i ukesvis for at den skal utføres så perfekt som mulig. Noen sanger setter seg under huden mer enn andre, og du kjenner det kanskje igjen, der noen sanger ligger og går i bakgrunnen inne i hodet. For meg skjer dette ofte, og jeg tar sangene gjerne fram og synger høyt også, i bilen, på tur i fjellet og andre plasser hvor jeg tror jeg ikke blir hørt.

"Verdens vakreste Julesang"

Tom Aksel Waitz Østvold



«O helga natt» er en slik sang! Den har et herlig pianospill som driver sangen fram. Denne sangen har jeg koret til og sunget på svensk mange ganger, men faktisk uten å ha forstått hele betydningen. «Folk, fall nu neder, och hälsa glatt din frihet»: Hva betyr det egentlig? Med Google-hjelp finner jeg ut at det betyr: «Folk, fall ned nå, og hils glad din frihet». Eller: «folk, fall på kne og hils friheten velkommen».

Teksten på engelsk er litt annerledes, der de omtolker den opprinnelige med: «Fall on your knees, O hear the angels' voices»

Uansett, dette er en nydelig sang med fint budskap, og er herlig både å synge og høre.

Sangen har fransk opphav fra 1847, tonesatt av operakomponisten Adolphe Adam med tekst av Placide Cappeau. Sangen var opprinnelig laget for orgel og sang. Den hadde forskjellige tolkninger, men da sangen ble oversatt til svensk, O Helga Natt, i 1889, sto det religiøse i fokus.

Svenske Jussi Björling spilte inn sangen i 1959, og etter det ble den kjent over hele verden.

Ta med dere denne sangen i jula, la roen senke seg og nyt disse fine tonene.

Ønsker dere alle en God Jul!

## Vegen tilbake til Gud

*"For så elskar Gud verda at  
han gav Sonen sin, den  
einborne, så kvar den som  
trur på han, ikkje skal gå  
fortapt, men ha evig liv!"  
Joh. 3,16*

**Bøn:** Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydde på krossen. Slik vart ditt blod gjeve for syndene mine. Kom inn i hjarta mitt og livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine. I Jesu namn. Amen

# PÅ STABSBESEN - PRESTANE

*Endeleg har "Stabsrunden" kome til prestane. Det var vanskeleg å få samla alle dei fire, travle prestane på ein gong, men det lukkast til slutt! Smilet sit laust i flokken, og dei ser ut til å trivast i lag. Underveis i samtaLEN kom det innspel mellom kollegaane - som viser at dei bryr seg om kvarandre.*

TEKST OG FOTO: LIV HELENE Ø. HÅLAND

**Kjell Børge Tjemsland (66)**, prost i Jæren prosti sidan 2009. Prostestillinga inneber 50% administrasjon, og resten er å vera kyrkjelydsprest, mest i Time/Lye og Bryne. Han gjer òg vikarteneste for prestane i prostiet.

Han har fire born, fem barneborn og to bonus-barneborn. Borna er utflytte, og Kjell Børge og kona bur i den gamle prestebustaden ved Time-kyrkja.

- *Kvífor ville du bli prest?*

- Når eg blir stor, skal eg bli misjonær! sa eg då eg var liten, og slik vart det. Då kunne han ikkje ta over smed-verkstaden til faren. I staden vart det Misjonsskulen i Stavanger, og utreise til Hongkong i 1981. i januar 1993 vart han prest i Gand, og frå 2001 til 2008 var han misjonskonsulent ved bispedømmekontoret.

I prestetenesta si ønskjer Kjell Børge å bevisstgjera kristentrua, slik at me får Kristus-stoltheit i liva våre som kristne.

Kollega-kommentarar er at Kjell Børge er ein entusiast, har stor arbeidsglede, og at han er ein estetikar. Han viser stor omsorg for dei tilsette.

**Stein Ødegård (62)**, sokneprest i Bryne-kyrkja. Han vart tilsett i Time i august i 2008.

Stein og kona Liv Torunn har to søner og eitt barnebarn. Dei bur på Bryne - i det som tidlegare var prestebustaden. Dei er nå sjølveigarar der.

- *Kvífor prest? Du er jo odelsgut frå Time.*

Astma og allergi gjorde at Stein tidleg slo frå seg tanken om å overta garden. Han vart utfordra til å bli prest, og etter kvart modna dette til eit kall, til å tena Gud på den måten. På Menighetsfakultetet vart kallet bekrefta.

Stein har 24 års presteteneste i Vest- og Aust-Agder og Telemark før han kom til Bryne.

Stein er glad i Jesus, og han er glad i folk. Han ser på kyrkja som eit stort fellesskap, der det er viktig å heia andre fram, og sjølv vera ein tenar. Han synest det er flott å ha slik ei teneste, der han får vera eit synleg ansikt for kyrkja.

- God og ryddig administrator, stor arbeidskapasitet,



Bak: Gunnar Frøyland og May Brit Arnø.

Framme: Kjell Børge Tjemsland og Stein Ødegård

"kvast hovud", fagleg dyktig, brennande for Jesus og flink med humor, seier kollegaene.

**Gunnar Frøyland (62)**, tilsett i Time juni 2007.

Saman med kona Vigdis har Gunnar fire born og sju barneborn. Han og kona bur i Stavanger - der han òg er fødd og oppvaksen.

Til Time kom han etter 17 år som prest i Sjernarøy/Talgje. Før det hadde han vore forsvarsprest på Andøya, og han har også vore prest i Bodin.

- *Kvífor prest?*

I gymnastida var Gunnar med i eit sterkt kyrkjeleg ungdomsarbeid, og han kjende at det var i prestetenesta Gud ville livet hans skulle vera.

Gunnar ønskjer å vera ein Jesus-forkynnare: Jesu død til liv for oss er hovudsaka. Han ønskjer òg å møta menneske med omsorg - og ord om Jesus.

- Varm og klok mann med tydeleg Jesus-forkynning, spontant tørrvittig, god til å lytta, alltid tid, seier dei rundt han.

**May Brit Merland Arnø (51)**, prest på Undheim frå januar 2018.

May Brit er frå Hommersåk, der ho framleis bur. Ho er gift og har tre vaksne born og to barneborn. Før ho kom til Undheim, var ho ti år barneprest i Riska og Høle.

- Skulle aldri bli prest! Som barn ville ho bli misjonær. Ho starta utdanninga med tanke på å bli sjukepleiar, og



# Teologi til folket 2020



**Velkommen til åpne forelesninger på VID Misjonshøgskolen vinteren 2020! Det blir fjerde året vi arrangerer Teologi til folket som samler folk fra hele regionen!**

Professor i Det nye testamente, Knut Holter, vil i løpet av fire ondagskvelder forelese over: «Førstehjelp til forståelse og bruk av Første Mosebok». For språkinteresserte blir det hebraiskundervisning i etterkant.

**22. januar      29. januar      05. februar      12. februar**

- kl. 18.00-20.00: «Førstehjelp til forståelse og bruk av Første Mosebok»
- kl. 20.15-21.00: Hebraiskundervisning

Det er ingen påmelding, og forelesningene er gratis!  
Parkering på VID eller på Det Norske Misjonsselskap,  
adr. Misjonsmarka 1.

Spørsmål kan rettes til Terese Bue Kessel, 51516232



var heime med borna før ho utdanna seg vidare. Byrja med kristendom grunnfag, og så enda ho opp som ferdig-utdanna prest frå Misjonshøgskulen i 2007. - Det var misjonsbefalinga som dreiv meg, og som leia meg inn i ei teneste eg ikkje hadde tenkt. Born og familiarar er viktige for May Brit. - Born er dagens kyrkjelyd, ikkje morgondagens. Alle generasjonar er viktige.

- Kort veg til oppmuntrande ord, Jesus-glød og glad i andre, seier kollegaene.

# FRÅ KYRKJEVERJA SIN PULT



GUNNAR BIORI AND STONE

Me er komne til desember og året nærmar seg slutten. For mange er førjulstida prega av glede, hygge og forventning for det som ligg framfor. For andre er det ei tid prega av minne, saksn over det som ligg bakover i tid. Me håpar kyrkjene her i Time opplevest romslege nok til å møte menneske uansett kor dei er, og me ønskjer å gå inn i føriulstida med eit blikk vendt både bakover og framover.

Dette året er det stor endring i staben, med bl.a. flere som går av med pensjon, og nye som kjem inn. 29.september fekk me feira kveldsgudsteneste i Bryne kyrkje med fokus på to av desse: vaktmeister Gunhild Lande og erke-klokkar Leif Andenes. Det sette ein støkk i oss alle (og ga oss ei god latterkule) då Gunhild heldt på å skyve Leif og rullestolen utfor altertrappa, som for å poengtere at han no skulle trappe ned. Og det gjorde sterkt inntrykk då heile kyrkjelyden, som til eit signal, reiste seg for å applaudere og hylle erke-klokkaren vår, som har hatt ein heilt unik betydning for så mange av oss gjennom ei lang årrekke.

Men enda sterkare var det å sjå bort på Leif under refrenget på salmen han sjølv hadde etterspurt. Med ut-

strakte armar og med sterk røyst song han «Halleluja, min sjel er fri, min trellestand er nå forbi. På land og hav min sak er klar; hvor Jesus er jeg him'len har». Tårene mine rann då, og dei renn no når eg minnest dette. Det er eit biletet eg aldri vil gløyme.

Berre halvanna veke etterpå sovna Leif stille inn. Og nok ein gong blei Bryne kyrkje fylt til randen av menneske som ville hylle og minnast, då han 16.oktober vart gravlagd på Time kyrkjegard.

Me vil alltid ha eit blikk vendt bakover, og me tar med oss desse historiene våre, historia til alle dei menneska som er kyrkja vår, inn i førjulstida og vidare inn i det som ligg framfor. For det som ligg bak er ein del av dei lange linjene som er med å peike retning for framtida vår. Ei framtid som eg gler meg over å gå inn i med gamle og nye i staben på kyrkjekontoret, med nye sokneråd og fellesråd. Me er heldige i Time som har så aktive kyrkjelydar i Bryne, Undheim, Time og Lye. Og eg vil nok ein gong nytta høvet til å seie TAKK til alle dykk som er ein del av det. Det er de som er kyrkja vår.

Ei velsigna God jul!

## Sundagstreff i Bryne kyrkje våren 2020

## Program:

Kl.18.00: Ringleik & allsong + kaffi & drøs i peisestova

#### Kl.19.00: Gudsteneste i kyrkjesalen

Sundag - 5. januar

kl. 18.00

Sundaq - 9. februar

kl. 18.00

Sundag - 15. mars

kl. 18.00

Sundag - 26. april

kl. 18.00

Torsdag - 14. mai blir det grillfest! Det blir sendt ut eigen invitasjon med tid og sted.

## Velkommen



# I HELGEDAGEN FOR 50 ÅR SIDAN

*Anders Hovden var prest, forfatar og salmediktar. Saman med biskopane Hognestad og Støylen redigerte han Nynorsk salmebok, 1925.*

TEKST: REDAKSJONEN

**Joleklokkor yver jordi** – slik starta salmen med 4 vers i originalutgåva frå 1923. I andre verset var det ein direkte allusjon til 1. verdskrigen. Derfor vart det utelate då Nynorsk salmebok vart utgjeven i 1925. Andre delen av det verset lydde slik:

*Sår ligg verdi etter krigen,  
hatet brenn som eld og eim:  
Fader, reis no himmelstigen  
upp til deg frå kvar ei hei.*

I salmeboka vår er denne salmen nr. 76 og har med alle 4 versa, men siste delen av vers to er omskrive:

*Vis: på jorda alle stader  
bur ei ætt av same blod,  
kjøpt til born av same Fader,  
sysken, eitt i hug og mod.*

Melodien til *Overmåte full av nåde* – vart bruk den første tida. Ein melodi av Rikard Nordraak brukast nå.



Nr. 11

DESEMBER 1969

1. årg.



*Joleklokker over jordi,  
ring no høgt frå tårn og tind,  
ring no ut dei seie ordi:  
Fred frå Gud i alle sind.  
Ring for heile folkehopen,  
ring og kim i nord og sud.  
Til me skodar himlen open,  
til me får ein smil av Gud.*

*Send oss Gud, din kjærleiks ande,  
gjer det millom kristne greitt,  
knyt i nåde broderbandet,  
samanbind oss rett til eit.  
Våre stridar må du jamna,  
småleg kiv og ovmods ferd,  
alle kristne brødre samna  
til ein samlynd Herrens her.*

*Klokker vidt om verdi kime  
mildt i alle hjarto ned:  
D'er vår Frelsars fødselstime,  
arme jord har jolefred.  
Ring for heile folkehopen,  
ring og kim i nord og sud,  
til me skodar himlen open,  
til me får ein smil av Gud.*

ANDERS HOVDEN

TRENG DU NOKON Å  
SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige  
liv, andre er usikre, einsame eller redd.  
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

**SOS**  
22 40 00 40

**SOS**  
CHAT

**SOS**  
MELDING

 **KIRKENES  
SOS**

# LEIK OG LÆRING MIDT I MATEFATET

**Prisvinnande gardsbarnehage lærer barn om prosessen "Frå jord til bord" og førebur Julemarked med eigne produkt. Generasjonar møtest i leik og arbeid, kunnskap og kulturarv vert overført.**

TEKST: REIDUN JANE HESKESTAD

FOTO: HAUGLAND GARDSBARNEHAGE

**Haugland gardsbarnehage** ligg på Haugland i Time. Privat barnehage. Eigar: Kathrine Haugland. Drift i 19 år. Talet på barn og vaksne: 39 barn i alderen 1-6 år og 11 tilsette. Ein gardsbarnehage brukar garden som ressurs og læringsarena. Dagleglivet på garden og dei som bur der, vert ein del av barnehagekvardagen. - kallar dette husmannspedagogikk.

**Juleførebing.** - *Har de nokre overordna mål eller tankar med juleførebinga i barnehagen?*

-Julefeiring er ein viktig del av den norske kulturarven, seier Kathrine, og den arven synest me det er viktig at barna får del i. Me veit at foreldre har det meir travelt i desember månad, difor prøver me å bremsa litt i barnehagen. Me treng ikkje skunda oss, men heller roa ned og



**Eigenproduserte peparkakehjarte**

vera ein god møteplass for store og små.

Me les bøker og fortel om kvifor me feirer jul. I barnehagen er det plass både for englar og nissar. Tradisjonelle julesongar med kristent innhald står på programmet så vel som andre songar som naturleg høyrer til i norsk julefeiring. Barnehagen har adventsstund gruppevis.

Som nedteljing til jul, brukar dei eigenproduserte pep-

parkakehjarte. Stor stas å få trekkja ned eit hjarte og visa at nå er me ein dag nærmere julafest.

- *Er det noko spesielt de er med på i adventstida?*

- Ja, 4-5 åringane er kvart år med på Julevandring i Time kyrkje. Det er eit opplegg som barnehagen med stor glede har gjort til ein tradisjon.

**Julemarked.** - Me er opptekne av å læra barna kor maten kjem frå og jobbar med prosjekt "Frå jord til bord." Barna er med både å så og hausta grønnsaker, safta og sylta bær som som etter kvart kjem på bordet i barnehagen eller vert til glede for andre på Julemarked



**Veronica Rørheim og Mona Undheim sel kake-menn og anna knask**

Julemarked i midten av desember er blitt tradisjon, fortel Kathrine.

Då vert foreldre, søskjen og besteforeldre inviterte. Ein kan kjøpa graut eller lapskaus. Kaker og julebrød er det "Bakaren" som sel. Produkt frå ivrige barnehender er og å få kjøpt.

- Elles sel me ureist rabarbrasaft, eplesyltetøy og sylta raudbetar.

Markedet vårt er svært populært, så me må stadig auka produksjonen.

På Julemarked er det korsong av barna og gang rundt juletre.

- Juletregang er ein annan tradisjon me meiner er viktig å bringa vidare til neste generasjon foreldre og barn, seier Kathrine.

Overskotet gir barnehagen til gode lokale føremål. Men Julemarked er ikkje berre pengar til gode føremål, det er og ein viktig møteplass for små og store.

**Trivsel.** Kathrine er klar på at suksesskriteriet for å driva god barnehage, er trivsel i alle ledd. Dersom tilsette trivst på jobb, gir det store ringverknader, men det fører ikkje utan vidare til at barn og foreldre trivst. Barnehagen har rutinar på at alle foreldre og barn skal bli møtt både når dei kjem om morgonen, og i det dei går heim. Foreldra her er tydeleg godt nøgde, for dei gir barnehagen toppskår i foreldreundersøking.

- Me ønskjer å læra barna vanleg folkeskikk, som å takka for maten, seia "takk for idag" før dei går heim, og vera høflege og gode mot kvarandre.

### **Gardsbarnehage.** - Korleis er menneska på garden ein ressurs?

- Heile storfamilien vår er med i drifta. Svigerfar, Inge Haugland er vaktmeister og altmulemann, svigermor, Dorte Haugland, er kulturformidlar gjennom song, rim



**Haugland gardsbarnehage "Årets barnehage" 2019.**



**Viktig møte**

og regler, og mannen min og ein av sønene deler av sin kunnskap når barna deltar i gardsdrifta.

**Årets barnehage.** Private Barnehagers Landsforbund (PBL) deler kvart år ut prisen "Årets barnehage". Haugland gardsbarnehage vann prisen i 2019 på grunn av godt arbeid innan alle område i Rammeplan for barnehagar, imponerande lågt sjukefråver (1%), stor trivsel blant dei tilsette og foreldre. Spanande samarbeid med 6 andre europeiske barnehagar vart òg peikt på.

Dorte kjem i barnehagen annakvar veke og spelar piano og syng saman med barna. Like viktig som songen, er rim og regler frå "Minnast du"- ei bok utgitt av Time bygdekvinnelag. Dorte har med seg ulike figurar som ho brukar i formidlinga. Desse stundene er svært populære blant barna.

**"Årets barnehage"** Før me sluttar praten er det på sin plass å gratulera med prisen for "Årets barnehage 2019" som Haugland gardsbarnehage vart tildelt tidlegare i haust.

Styrar Kathrine Haugland takkar og smiler. Ho seier at det var stor stas både for personalet og foreldra då barnehagen gjekk av med sigeren i konkurransen med 4 andre finalistar og vann 25.000 kr.

-Både tilsette, foreldre og barn skal få nyta godt av prisen, lova Kathrine då ho takka for prisen under utdelinga.

- Husmannspedagogikken som me driv etter, vart og trekt fram under prisutdelinga.

**Husmannspedagogikk** handlar om å vera stolt av plassen sin, ta godt vare på alle ressursar, visa gjestfrihet og omsorg, kjærleik til naturen, forståing for årstidene og kretsløpet, og respekt for samspelet mellom natur og menneske. (kjelde: barnehagen sin Årsplan)

Barna er dagleg med og matar og steller kaninar og høner. Omsorg for dyr og kjennskap til det som gror gir barna gode opplevelingar og ikkje minst respekt for naturen. Vegen "Frå jord til bord" er kort her midt i matfaten. Og det er ikkje utenkeleg at ureiste matvarer frå Haugland gardsbarnehage ligg under jærske juletre i år og.

# TRUSOPPLÆRING I KYRKJELYDANE I TIME



DEN NORSKE KIRKJA

TEKST: RAGNHILD HANSEN

## Hovudmål for trusopplæringa

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
- Jesus – frelsaren
- Den heilage Ande - hjelparen

Me deler tru og undring.

Me deler kristne tradisjonar og verdiar.

Me deler opplevingar og fellesskap.

Me deler håp og kjærleik.

## Komande arrangement i regi av trusopplæringa

### Babysong og småsong

Alle tre kyrkjelydane våre har no tilbod om babysong/småsong. Velkommen til ei hyggjeleg stund for deg og barnet ditt. Her er det song, rørysle og sosialt samvær.



### *Time*

På Lye forsamlingshus har me tilbodet som ein del av Lykkelen open barnehage.

### Datoar for våren:

22. januar, 5. februar, 19. februar, 4. mars, 18. mars, 1. april, 15. april, 29. april

Barnehagen er open 09.30-12.30. Songsamlinga er ca 10.30-11.00.

### *Undheim*

I Undheim kyrkje er det open barnehage kl 10-12 kvar onsdag (følgjer skuleruta).

Babysong kl 10.30-11.00.

### **Datoar for babysong denne våren:**

15. januar, 29. januar, 12. februar, 11. mars, 25. mars, 22. april, 6. mai, 20. mai

### *Bryne*

**Datoar for babysong på Bryne** vert sett seinare. Følg med på brynekyrkja.no.

### *Undretur*

I kyrkjene på Bryne og Time vert dei som fylte 2 år i 2019 inviterte til undretur i starten av året.

Velkommen til ein liten time i kyrkja med songsamling, leik og ikkje minst utforsking av kyrkja. Kanskje nokon har lyst til å prøve orgelet?

Dato for desse samlingane er ikkje settet, men invitasjonar vert sende ut på nyåret.

### *Førsteklasses*

I februar/mars vert førsteklassingane inviterte til «Førsteklasses». Dette erstattar Dåpskulen. Meir info kjem i neste nummer av Helgedagen. Invitasjonar vert sende ut.

### *Tårnagenthelg*

Alle 3.klassingar er velkomne til Tårnagenthelg. Me treng mange agentar til å vera med å løysa oppdrag og mysterium. Saman skal me læra gode agenttips, gå på symboljakt, utforska kyrkja, følgja spor og teikn og løysa ulike oppdrag. Dette blir spennande! God mat må også til for gode agentar.



# DÅPSKJOLE TIL GRATIS UTLÅN

**Dåpskjole til gratis utlån på kyrkjekontoret  
Kyrkjekontoret ordnar reingjering  
For dykk som treng dåpskjole: Berre å henta  
og levera.  
Ring 51 77 03 77 - kyrkjekontoret, i Erlands-  
bakken 6**

TEKST OG FOTO: LIV HELENE Ø. HÅLAND

Helgedagen fekk prata med Astrid Nåvik Braut, gjevaren av dåpskjolen. Ho fekk kjolen av kusina si for 5 - 6 år sidan, for å sjå om ho kunne brukha stoffet til noko. Astrid driv litt i sybransjen, men tykte at det var for gale å setja saksa i dette klenodiet. Det var ingen i slekta som hadde bruk for kjolen lenger, så slik hamna han hos Astrid.



**Astrid Nåvik Braut har gjeve  
fin, gammal dåpskjole til utlån**

Astrid er fødd på Vigra, men flytte snart til Trøndelag - og seinare til gard på Braut. Mannen til tanta til Astrid var fødd i 1910. Han budde på gard på Moholt utanfor

Trondheim, nå ein bydel der det er ein studentby. Onkelen vart døypt i denne kjolen. Han var ikkje eldst i søskenflokken, så det er grunn til å tru at dåpskjolen har vore i bruk sidan århundreskiftet. Kusinene hennar trur òg at dei vart døypte i denne kjolen, så gjennom åra har veldig mange brukta han.



**Dåpskjolen -  
gratis utlån**

Kjolen er sydd i eit tynt fint bomullsstoff, med gamle blonder, kanskje av ein brudekjole. Dei var flinke på gjenbruk før i tida, men sikkert kan me ikkje vita etter så mange år.

Sidan lua er av ny dato, har Astrid ei utfordring: Kanskje nokon strikke-/hekkle-/syglade kan laga ei ny lue som passar betre til kjolen? Håpet er i alle fall at kjolen kan bli til glede for nye brukarar!



Bryne

Fredag 24. januar og gudsteneste 26. januar

Time

Laurdag 25. januar og gudsteneste 26. januar



**Gassisk julekort**

# SMIL OG TAKK PÅ LYEFJELL

**Høgt på Lyefjell bur dei, familien frå Myanmar, tidlegare Burma. Far i huset, Ngun Sang Lian Thicoeng, var 29 år då han kom seg unna eit militærjuntastyrt fedreland via Malaysia og fekk flyktingstatus. Trulovinga med Noi Noi var alt godkjent av begge familiene, og ho kom etter kvart også til Norge. I dag er Lian og Noi Noi timebuar og har tre barn med jærdialekt som morsmål.**

TEKST: ELSE-MARIE BUE

Denne familien tek i mot Helgedagen med smil og takk. Det går mot jul, og då er det spennande å høyra om juletradisjonar hos våre nye landsmenn. Dei går den store festen i møte med alle slektingar så uendeleg langt borte, og det er ein skugge over livet alltid.



Familien Sang Thicoeng jul 2018. Mor Noi Noi, far Ngun Sang Lian med Jacob Blessing på armen, og døtrene Mai Esther og Mai Lea

## Det kristne fellesskapet og Velkommen jul

Raskt oppfattar eg at menigheten deira, som held til i Salem på Sandnes, er ei stor hovudsak i livet her i Norge. Omlag 180 frå Myanmar møtest der. Dei kjem frå Sandnes, Ålgård og Jæren. Gudsteneste og samling kvar søndag må dei ikkje gå glipp av.

### - Feirer de adventstida også?

- Ikke advent men Velkommen Jul. Det er ei gild tid for alle. Dei unge samlast til øving og forskjellige aktivitetar. Det er mykje song, besøk i heimane, god mat og glede. Vi førebur oss til den store festen. Nesten alle frå Myanmar,



**Myanmar, har grenser mot Bangladesh og India i vest, Kina i nordaust, Laos i aust og Thailand i sørvest. Landet har over 2 000 km kystline mot Andamanhavet og Bengalbukta**

som bur her i distriktet, tilhører same folkegruppa, Chinfolket. Det kristne fellesskapet er ramma om vår julefeiring, det viktige skjer i menigheten, ikkje privat. Det er gudstenester, og etterpå er det kjøkkenstell til fellesmåltid med våre nasjonale rettar, seier Lian.

*- Er heimlandet dykkar prega av "Snart jul" i lang tid, slik som her i Norge?*

- I området der Chinfolket bur, ja. Men i andre deler av landet skjer ikkje det. Chinfolket er kristne. Talet på muslimar og kristne i landet vårt er omrent likt, ca. 6-7 %. Det store fleirtalet er buddhistar.

Familien har fått mykje dårleg nytt om situasjonen i heimlandet gjennom alle desse åra. Noi Noi og Lian har gamle foreldre og heile slekta si der. Kontakt pr. telefon har dei ofte. I dag har landet fredsprisvinnaren, Aung San Suu Kyi, ved roret, men utfordringane med indre strid har ikkje funne løysing.

*- Korleis kan smil og takk prega ein heim og ein familie med dette bakteppet?*

Eg kjenner på gnagande undring.

Lian svarar: - Norge er så trygt land. Eg har fast arbeid på Kverneland saman med gilde arbeidskameratar. Det er ikkje lang veg til jobb. Så har Per Olav (organist i Bryne kyrkje) vist meg slik at eg kan spela piano. Døtrene våre får gå på skule. Dei får gå på kulturskulen også. Der lærer dei å spela både gitar og piano.

**Mor Noi Noi** legg til at ho har fast arbeid på gamleheimen på Bryne. - Det er kort veg til barnehagen, og når eg har levert Jacob Blessing der, reiser eg med bussen.



# Den første julenatt

## Julekonsert i Bryne kyrkje



**Blandakoret Vivace med gjester – Stemmebandet**  
**Sundag 15. desember kl. 20:00**

Jentene våre får synga i barnegospel hos Ragnhild og går i syforening.

**Mai Esther og Mai Lea**, som har vore stille og tause tilhøyrarar, fortel nå ivrig at det er veldig gildt å vera i lag med venene etter skuletid. Så avslører dei stor



*Mai Esther og Mai Lea på scenen*

interesse for song og musikk, kor gildt det er å syngja i Lye Barnegospel, og at syforeninga er bare for jenter. Snart skal dei på haustfest i Bryne kyrkje og spela gitar der med kulturskulen. Stor stas å høyra og sjå dei der.

**Turen til Lyefjell** varst eit sterkt og tankevekkjande møte med ein glad familie. Eit møte med at **juleeven-geliet** er det absolutt sentrale i julefeiringa hos dei.- Eit møte med smil og inderleg takk for det som **heilnorske eg** - og sikkert nordmenn flest, tek som sjølv sagt. Om noko er på minussida for far og mor i denne familien, er det vinden høgt oppe på Lye og temperaturen. Fedrelandet har tropisk monsunklima med tre årstider, og temperaturen er sjeldan under 20 grader. Kvikksølvet leikar seg helst rundt 30 !

Helgedagen takkar og ynskjer både familie og menighet velsigna julehelg !

# JULEFEIRING I ETIOPIA

**Alemayehu Fantahun er fødd i Wollegaprovinssen i Vest-Etiopia i 1956. Eldst av tre brør. Far var skreddar, mor var husmor. Utdanna seg først som helsearbeidar, så innan språkvitskap og litteratur. Jobba som tolk for misjonærar i NMS og Frikyrkja; i helsevesenet og seinare som lærar i vidaregåande skule.**

**Møtte Synnøve Hatle i 1987, og dei gifta seg i 1989 i Etiopia. Flytta til Noreg same år og busette seg på Vigrestad. Flytta seinare til Bryne der dei bur i dag. Paret har to bom, ei jente og ein gut. Alemayehu arbeider i dag som lektor på Gand vidaregåande skule.**

TEKST: ARNFINN VIGRESTAD


- Jul i Etiopia, Alemayehu, kan du fortelja litt om feiringa i ditt heimland?

- Etiopia følgjer den julianske kalenderen. Det betyr at jul vert feira fleire veker seinare enn me er vane med i Europa. 7. januar er 1. juledag og nasjonal heilagdag i Etiopia. Offisielt er det berre den dagen ein feirar. Då steller ein i stand fest med god mat og drikke. Mange har i lang tid forebudd maten som for dei fleste er kjøt av ulike slag. Lammekjøt er det vanlegaste, men kylling og oksekjøt vert også mykje brukt.

Det er viktig med feit mat, og det skal vera rikeleg. For å få det til, må mange spinka og spa i lang tid i førevegen for å ha råd til dei innkjøpa som trengst for å kunna stella i stand eit skikkeleg julemåltid.



Noko anna som er speselt for julefeiringa i Etiopia, er det som skjer julaftan, på dagtid. Då vert det spela landhockey-kampar på marker og opne plassar rundt om i heile landet. Det er menn og gutter som møtest til dyst, og ein kamp kan vara både ein og to timer. Pucken er av tre, og det skjer både titt og ofte at han treffer einkvan. Blåmerke og blødande sår kan verta resultatet av møtet med pucken.



**Alemayehu Fantahun**

Når ein scorar mål, jublar ein og syng ut at ein har fått ein son! Etter kampen går ein rundt i nabolaget og samlar inn pengar eller gåver. I Etiopia feirer vi ikkje jul med gåver og juletre, det er heilt ukjent i kulturen vår.

- Kva så med den kristne julefeiringa?

- I Etiopia har me to dominante kristne trussamfunn, den ortodokse kyrkja som er den største og den evangeliske (lutherske) kyrkja. Eg har vakse opp i den siste, og me starta julefeiringa i heimen vår med gudsteneste i kyrkja på julaftan. Då var det alltid mykje korpsong, juleevangeliet vart lese og preika over. Eg minnest desse samlingane som utruleg kjekke, fullt hus, både ute og inne!

I adventstida har me tradisjon for tenning av lys i kyrkja, dei 4 siste søndagane før jul. Då vert adventlysa tende av eit barn/ein ungdom som siterer eit vers frå Bibelen. Det er 1. juledag som er høgdepunktet i julefeiringa vår. Då pynta ein seg i sin beste stas, kvite klede. For dei kristne startar dagen med gudsteneste som ofta kan vara bortimot eit par timer. Etiopia er kjend for songgleda si, og de skulle ha vore med på ei gudsteneste i heimlandet mitt og opplevd stemninga!

Når gudstenesta er over, startar julefesten. Då inviterer ein slekt og vene, kjende og ukjende til festmåltid som kan vara heile dagen! Mange går frå det eine selskapet til det andre. Og alle stader skal ein smaka på festmaten.

Det er viktig å merka seg at denne dagen vert alle inviterte, også muslimane. For oss er julegåva å verta inviterte på mat og fest — kjenna på felleskapet med andre.

- Kva er den største skilnaden på norsk og etiopisk julefeiring?

- Det er mykje. Ikkje minst førebuingane, reklamen, butikkane som startar julehandelen i november, og alt strevet og maset omkring julegåvene. Alt er så kommersialisert her i Noreg. Det var som eit sjokk for meg å møta dette då eg kom hit første gongen.

I Etiopia var «julegåva» at ingen skulle kjenna seg einsame, ingen skulle vera utanfor, ein skulle inviterast inn i felleskapet. Dette såg ein fram til i dagane og vekene før jul.

Når så juledagen kom, og ein opplevde varmen og gleda i felleskapet, då vart det ei god og gledeleg jul!



Bøn nr. 136 lyder slik:

### **Kvile i travelt liv**

**Gud, eg har så mykje å gjera. Eg rekk ikkje med det. Lær meg å skilja mellom viktig og uviktig. Gjev meg den rolege krafta som eg treng for å gå inn i oppgåva mi. Velsigna kvar augneblink. Hjelp meg å kvila i deg, tillitsfullt og avslappa kvila i dine lovnader.**

Britt Hallquist (1914 -1997) og Greta Ekelin

O: Kyrkjerådets arbeidsgruppe for Bønebok (2012)

**TEKST: ELSE-MARIE BUE**

Denne vakre logoen er frå Herborg Nordsletten Kverneland si hand. Setningen er begynnelsen på ein kjend salme (nr.717) og er ei fin bøn. Helgedagen vil i kvart nummer framover ta med ei bøn frå Bøneboka i siste delen av salmeboka. For mange er denne tida på året travel.

## **Minnegudsteneste i Time kyrkje Sundag 12. januar 2020, kl. 19.00**

Gudstenesta blir ved Stein Ødegård og Praxedes Slettebø. Her vil vi minnast dei som døydde frå oss og blei gravlagde i Time i året 2019. Namna blir lesne opp og det blir tent lys. Songgruppa Shalom, og Anne Kristine Røthing på munnspeil. Gudstenesta er open for alle som ønskjer å koma.

**Velkommen!**



# HØGTID I AUST OG VEST

TEKST: BOTILD ÅSLAUGSDOTTER NORDSLETTEN

**Tussmørke.** Husmødre som hastar forbi på fortauet med plastposar med noko som kveilar og buktar seg på innsida. Det er det første biletet som melder seg frå jula vår i Warszawa 2013. Eg var diplomat ved ambassaden i Polen og nett denne høgtida fall det i min lodd å halda det norske fortet i ambassadøren sitt feriefråver.

**Levande karpe!** Det vil seja - karpe i dødskramper! Det var dét dei bar med seg heim til festbordet, husmødrene. Sjeldan har eg vore så glad for å sjå svigermor, som då ho kom med pinnekjøt frå Sogn og Fjordane og tok kontroll på vårt katolske kontinent. Ja, slik må det vera: Gi meg nye smakar 364 dagar i året, men 24.desember skal det vera norsk sau, punktum, bæh! Og aller helst frå dyr som har gått i heia til morsslekta på Undheim.

**Eg har budd i Tyrkia,** Sovjetunionen, Ukraina, Stor-



**Bothild Åslaugsdotter Nordsletten**  
Privat foto

britannia, Aserbajdsjan og Polen, men med få unntak alltid feira jul med slekta på Jæren. Eit av unntaka var altså den karpefrie jula i Polen. Eit anna var i fjar, då me feira hjå bror min, som bur i Russland. Pinnekjøt stod sjølv sagt på menyen, men denne sauens hadde beita langt sør, i dei eventyrlege Kaukasus-fjella. Før klokkene kimte til fest, måtte alle gjennom det som for sarte sjeler kan fortone seg som ein stad mellom skjærselden og ei rotbløyte: den russiske banja'en! Altså, den unorskt heite badstua, der heilnakne og halvkokte gjester daskar kvarandre med buntar av eike-eller bjørkegreiner, så lauvet sprett, før dei spring ut i snøen eller dypper seg i eit hol i elveisen. (Ikke rart stjernene der oppe rodnar). Og så, med blodet brusande, gjentek ein heile den godvonde prosedyren eit par-tre gonger til.

Resultatet? Me sig dampande til bords. Salige og hol-

svoltne. Lutra innfor høgtida.

**Grunna 75 år** med gudlaust kommuniststyre, inkludert forbod mot julefeiring, feirar ikkje russarar flest jula, slik me gjer det. Dessutan følgjer ikkje dei ortodokse høgtidene deira den vanlege gregorianske kalenderen, men ein variant av den julianske, der jula fell på 7.januar. Nyttårsaftan, derimot, er svære greier, og som hjå oss er gater og butikkar pynta vekevis på førehand.

**Eg har feira kvelden** fleire gonger i aust. Slekt og vene samlar seg rundt bord bognande av godsaker. På tv'en rullar velkoreograferte fest-show. Eller den folkekjære, sovjetiske nyårsklassikaren «Skjebnens ironi», der ein påsigla mann av folket tek feil blant alle dei grå bustadblokkene og ender opp med å takka for det gamla...hjå ei smellvakker dame. Er ungane heldige, stikk ein staseleg Djed moros (Far frost) og Snjegurusjka (Snøprinsesse), innom med gåver. I mens går verten rundt med fest-knerten til dei vaksne. Så raus er han, at president Putin verkar som ein lun kar, der han rett før 12 tar over statskanalen og med kvit pust frå eit nattmørkt Kreml sender folket sitt, og oss andre, inn i nok eit år. I bakgrunnen kimar det same, raude klokketårnet som i barndomens Moskva. Det er ikkje mange statsleiarane sidan.



**Forvirringskomedie:**  
*Den folkekjære, sovjetiske nyårsklassikaren «Skjebnens ironi» rullar over russiske tv-skjermar kvar nyttårsafta.*

**Mette, trygge og glade** står me tett inntil dei nærmaste på trammen. Storaugde, på eggjen mellom fjarår og nyår. Som fyrverkeria på himmelen, i ein forunderleg augneblink, dveler me i det som var, er og skal koma. Nett som dei heime på Bryne. Som husmødrene i Warszawa. Og, for alt eg veit, som den fritenkjaren av ein villsau som smatt unna sinkinga i haust og no står der oppe og skodar vest, utover eit glitrande jærsk himmelhav.

# Juleevangeliet

## Lukas 2, 1-20

1 I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda.

2 Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria.

3 Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

4 Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrdet til Davids hus og ætt

5 og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn.

6 Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda,

7 og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipet han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

8 Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta.

9 Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle.

10 Men engelen sa til dei: "Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket:

11 I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren.

12 Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe."

13 Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

14 "Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!"

15 Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: "Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss."

16 Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba.

17 Då dei fekk sjå det, fortalte dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet.

18 Alle som høyrdet på, undra seg over det gjetarane fortalte.

19 Men Maria gøynde alt dette i hjartet sitt og grunda på det.

20 Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrt og sett; alt var slik som det var sagt dei.



# KJEKK AKTIVITETSDAG FOR 6-ÅRINGAR I UNDHEIM KYRKJE

**Fredag 15. november var ein fin gjeng samla til aktivitetsdag i kyrkja på Undheim. Alle 6-åringane var inviterte til ein dag med aktivitetar inne og ute. Tema for dagen var "Gud skapar - Me lagar".**

TEKST OG BILETE: RAGNHILD HANSEN

**Det var berre 9 førsteklassingar** som vart med på aktivitetsdagen dette året, men dei representerte 3 ulike skular. Me hadde ein veldig kjekk dag saman med ein god gjeng leiarar. Me opna kyrkja kl. 08.00, slik at borna kunne leverast allereie då. Fram til kl. 09.30 hadde me frie aktivitetar med spel, teikning og leik med bygging av klossar osv. Frå kl. 09.30 var alle på plass, både vaksne og born, og me starta med ei samling der tema var Gud skapar jorda og ordet "Ansvar".

Me brukte eit opplegg frå Søndagsskulen som heiter Sprell levande livsmeistring, som mellom anna byggjer på



**Det finaste  
Gud har skapt**

ART, eit pedagogisk opplegg som mange skular har brukt gjennom fleire år. Borna fekk vere med "inn" i forteljinga, og me song fleire songar om skapinga. Dagens "Supersetning" var "Jeg takker deg for at jeg er så underfullt laget. Underfulle er dine verk, det vet jeg godt".



**Grønsakssuppe**

**Etter samlinga** var det tid for stasjonar. Då var me komne til den delen av temaet som handlar om at "Me lagar". Borna fekk pynte speglar med klistermerke, og skrive namnet sitt på ramma saman med teksten "Det finaste Gud har skapt". Dei fekk male på glas som vart

sett inn i rammer, og sist, men ikkje minst, fekk dei vere med og kutte opp grønsaker og pølser til suppa me seinare hadde til lunsj.



**Gudrun Friestad, som saman med Inger Birgitte Kverneland og Tordis Sandvik er trufaste medarbeidarar i trusopplæringa.**

**Gudrun Friestad, Inger Birgitte Kverneland og Tordis Sandvik** har vore med som frivilige medarbeidarar både på denne aktivitetsdagen og mange andre opplegg i trusopplæringa dei siste åra. Det å ha med trygge, gode omsorgspersonar ein slik dag er heilt avgjerande. Stor takk til dei og til resten av medarbeidarane som var med og hjelpte oss denne dagen.

**Etter ein god lunsj** var det klart for tur. Me gjekk "Kvernstien" bort til Undheim skule. Der hadde me ulike stasjonar der me brukte sansane til å finne ting Gud hadde skapt og ting som var laga av menneske.

**Vel attende** i kyrkja fekk me servert nysteikte lappar og kunne kose oss med dei medan me såg ein liten film om larva Hermie som ikkje syntest Gud hadde skapt han spesiell nok.

**Det var ein nøgd gjeng** med ungar som vart henta mellom kl. 14.30 og 15.00. Og me vaksne som var leiarar var minst like nøgde. Det er fantastisk å få ha ein så kjekk dag saman.

**Neste år** satsar me på ein ny aktivitetsdag, på tilsvarande fredag i november. Dei fleste skulane har planleggingsdag då, så me ønskjer å bidra med eit tilbod for å lette kvardagen for småbarnsfamiliar som ikkje alltid veit korleis ein skal få dagane til å gå opp. Men det viktigaste er at me ønskjer å gje borna ein god dag, der dei kan få glede seg over skaparverket og ikkje minst over at dei er skapte i Guds bilete og elskar av Han.

## TORSDAGSTREFF

I Bryne kyrkje våren 2020  
Torsdagar kl 14.30



Torsdag 16. januar: Kari Ree og Øyvind Lutro: «Fedrelandssongar – og dei som skapte desse»

Torsdag 20. februar: Paul Odland: Ein som sette spor på Jæren...

Torsdag 19. mars: Frimenn blir med; Song og spel.

Torsdag 16. april: Reidun Borsheim Riskedal: «Smerten og håpet»

**Pluss minus 60 Velkommen!**



## Strikkekafé

på Lye forsamlingshus  
“Ikkje bare for dei med strikketøy”

Strikkekaféen er for damer i alle aldrar. Ta gjerne med strikketøyet eller eit anna handarbeid og få inspirasjon eller kan handa litt hjelp, **men det er absolutt lov til å koma bare for å drøsa.**

Det blir “kafé” med sal av litt mat, og det blir ei lita utloddning.

**Torsdagar kl. 19:30  
23. jan., 05. mars 2020**

Sjå eiga Facegook-side for kaféen:  
<https://www.facebook.com/StrikkekafePaLye>



*Gassisk julekort*

## Julaftangudstenester på Bryneheimen og Sivdamheimen

På julaftan er det kvart år gudstenester på helse- og omsorgsinstitusjonane:

- Kl. 10:00 Bryneheimen
- Kl. 11:00 Sivdamheimen
- Program: Gudsteneste v/ Kjell Børge Tjemsland, song og musikk.

Personalaet på avdelingane har ofte ikkje høve til å bli med, og det kan for mange vere godt å få hjelp og fylgje. Vi oppfordrar familie og vener til å delta saman med bebruarane. Alle som bur på Sivdamenteret, i heimane eller andre stadar er også hjarteleg velkomne.

Velkommen til gudsteneste.



SARON

HEILAGE TRE KONGARS FEST

SØNDAG 5. JANUAR KL 1900


Tale av styreleiar i NMS **Helge Gaard**

Sang av: **Jærklang**

Servering - *Misjonsgave*

*Alle velkomne*

## *Bibeldagen 2020: Biblar til Kina*



Sundag 9. februar er Såmannssundag og Bibeldag. I Kina er behovet for billege og gratis biblar særstort.

Pengane som kjem inn, vil primært gå til papir for trykking av biblar. Papiret til ein bibel kostar berre kr. 10,-.

Meir informasjon: <https://www.bibel.no/Bibalgaven/Bibeldagen/Bibeldagen2020>. Bankgiro: 3030.16.16869

Internett: <https://bibel.profundo.no/kin>



SPAREBANKEN  
SØR

**WACO**

Forsikringsmegling as

**Kverneland Bil**  
Vi tar ansvar!

Eskervegen 7, 4341 Bryne • Tlf. 51 77 82 82

 <p><b>Jær Tannlegene</b> Heidi Bøe Honningsvåg Jaertannlegene.no   5148 4800</p>	 <p><b>JÆRPRINT</b> TRYKK &amp; DESIGN</p>	 <p><b>Johansen Elektriske as</b> Postboks 510 - 4349 Bryne Tlf: 51 48 01 01</p>
 <p><b>HOLMANE Bil</b> Tengsareidv 4, 4373 Egersund Tlf. 51 46 19 80 <a href="http://holmanebil.no">http://holmanebil.no</a></p> <p>    </p>	<p>VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS</p> <p> <b>EK Glassmesterforretning</b> Einar Knutsen as Postboks 148, 4349 Bryne</p> <p>TLF. 51 48 02 11 DØGNSERVICE 971 78 180</p>	 <p><b>aktiv.</b> Eiendomsmegling 51 77 80 00 / <a href="mailto:rogaland@aktiv.no">rogaland@aktiv.no</a></p>
 <p><b>MotorForum</b> Stavanger - Sandnes</p> <p>  </p>	 <p>Vesthagen 9, Håland, 4344 Brune</p>	 <p><b>EL-TEAM</b> Elektroentrepreneur </p> <p>Morenefaret 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40 E-post: <a href="mailto:dr@el-team.net">dr@el-team.net</a>, Internett: <a href="http://www.el-team.net">www.el-team.net</a></p>
 <p><b>PIZZABAKEREN™</b> Pizzabakeren Bryne, 47 70 77 00</p>		 <p>BYGG MESTER <b>JENS GERLACH SØRENSEN A·S</b></p>
		 <p>Bøgh Hafoø a/s <b>TOYOTA</b> Fossveien 3, 4373 Egersund Tlf. 51461700 <a href="http://www.toyotaegersund.no">www.toyotaegersund.no</a></p>
 <p><b>PRIVATMEGLEREN JAEREN</b> Torggata 2, 4340 Bryne Tlf. 51 48 86 00 • <a href="mailto:jaeren@privatmegleren.no">jaeren@privatmegleren.no</a></p>	 <p><b>Alt innen datahjelp</b> -hjem på døren til private &amp; bedrift Tlf 51485000 <a href="http://www.datahjelpen.it">www.datahjelpen.it</a></p>	 <p><b>haver_</b></p>
 <p><b>TIME ELEKTRO AS</b> når resultatet er viktig Vesthagen 4, 4344 Bryne Tlf. 51 77 15 90</p>		<p>Haver Advokatfirma AS Øgårdsbakken 3, Bryne telefon 51 77 00 50</p>

# JULETREFEST

## 28.des. kl 15.00

# i Bryne kyrkje

FORTELJING / ANDAKT VED HEIDI STRAND HARBOE

GANG RUNDT JULETREET

SERVERING AV PØLSER  
POSER TIL BARNA

SMÅ OG STORE ER VELKOMNE!

Inngangspengar kr 50,- pr. familie (Vipps 526147 «Gåve Brynekyrkja»)  
Arr.: Bryne sokneråd



## LYE FORSAMLINGSHUS

**Basar til inntekt  
for  
Det norske misjonsselskap**

**Laurdag 21. mars 2020 kl 17.00**

*Lye barnegospel deltar med song  
Anne Grete Hognestad har misjonsandakt  
Gratis bevertning  
Lynutlodning og hovudtrekning*

**Velkommen til alle!**



### VI TRENG FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg?  
Kvart år svarer vi samla kring 200 000 samtaler via telefon  
og internett, likevel er det ein av tre som ikkje får svart.

Les meir og meld di interesse på  
[kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

Å snakke med folk om livet gir meinig.



KIRKENS  
SOS

## “LAUST OG FAST” våren 2020 i kyrkjekjellaren Undheim kyrkje



**Undheim kyrkje**

**Onsdagar kl. 14.00 - 16.00**

**15. januar**

**18. mars**

**20. mai**

**19. februar**

**15. april**

**Ord for dagen, song, utloddning og matpause.**

**Hjarteleg velkomne, pensjonistar og andre som  
tida høver for.**

Arr. “Laust og Fast”-komitéen

**Bryne**  
Kto. 3325.20.11906

**Vil du ha  
Misjonstidende MT  
GRATIS i postkassen?**

Send SMS med **NMS MT** til 2490  
eller ring oss på 51 51 61 00.

## KYRKJEKONTORET JUL - NYTTÅR

Time kyrkjekontor er stengt  
i perioden 24.12.2019 - 01.01.2020

Om noko hastar, ta kontakt med kyrkjeverje  
Gunnar Bjorland Stone på telefon 962 32 582.

**Evangeliet  
tilbake til jødene**

Den Norske Israelsmisjon  
[www.israelsmisjonen.no](http://www.israelsmisjonen.no)

Vil du at flere jøder skal komme til tro på  
Jesus? Vipps din gave til 19333

**NOREA** MEDIEMISJON

# TAKK

til deg som

UTRYDDER FATTIGDOM

DELER TROEN PÅ JESUS

BEKJEMPER URETTFERDIGHET

**NMS**

SAMMEN FORANDRER VI VERDEN

VIPPS: 10932  
SMS: NMS HJEM til 2490 (kr 200)



### Det er ingen selvfølge at noen ordner bursdagsgave

Tusenvis av barn i Norge opplever at det knyter seg i magen hver dag.

Vil du hjelpe familiær som sliter med  
alkohol- og rusproblemer?

**Send VIPPS til 13130** (valgfritt beløp)  
**Send SMS "BK VENN"** til 2210 (kr 100)



# Skaparverket

-Pass på, så du ikkje stikk deg!

TEKST OG FOTO: ROLF HESKESTAD

Det er best å ikkje koma for nær kristtorntreet. Blada med dei spisse tornane er ingen spøk!

Kristtorn er eit varmekjært treslag som ein berre finn langs kysten på Sør- og Vestlandet. Her på Jæren er det sjeldan du finn dette spesielle treet. Du kan vera heldig å treffa på det om du leitar på lune stader der jorda ikkje er for sur.

Namnet kristtorn heng sjølvsagt saman med Kristi tornekrona. Nokre stader brukar ein namnet beinved på dette flotte treet. Veden er lys og knallhard og vert brukt til heilt spesielle ting som t.d. kvite sjakkbrikker!

Dei mørkegrøne, blanke blada held seg på treet året rundt. Kristtorn er det einaste lauvtree vårt som ikke slepp blada om hausten. Treet er særbu, så det finst både hann- og hotre. Det er berre hotrea som kan syna fram dei knallraude bæra som gjer at kristtornkvistar er så populære i dekorasjonar til jul. I haust har det vore sær mykje raude bær å sjå, og det har truleg samanheng med den heilt spesielle sommaren i fjor.



## Det litt munstre hjørnet:




Løysing Helge-kryssord - 4/19

Taket på Holekirken hadde vært under reparasjon en sommer. En dag mye av taket var revet av, kom det en volsom regnskur, og det rant lystig ned i kirken. - Salmebøkene som lå i kirken trakk væte til seg og svulmet svært opp. En bygdemann som var innom kirken en stund etterpå fortalte: - Du hendelse så de' såg ud i kjørkjå. Salmebøgene sad nett likså svære klokkhøne bortitte benkjene.

(Frå Folk é løgne 1950 med løyve frå Stavanger Aftenblad)

## HelgeKryssord - 5/19 (av Gabriel Tengsareid)



### Vassrett

1. Preike i desember
10. Bodskapen om Guds rike  
og Jesus som frelsar
12. Berge
13. Sterk
16. Med glede lar (nokon) få eller ha
18. Hannfugl
19. Adressere
20. Boksen
21. Å
22. Natrium
23. Son av Abraham i GT
25. Fred
26. Flytande naturgass (fork.)
27. Ultrafiolett stråling
28. Tergar
29. Månad
32. Minnetal
33. I lag

### Loddrett

1. Pilegrimsål
2. Overraskande
3. Elektrisitetsmengda
4. Uendeleig
5. Lydnad
6. Tange
7. Rommål
8. Diktatorar
9. Like konsonantar
11. Sint
14. Frodige stader
15. Pryden
17. Øydela
18. Framstikkande kant
24. Pynt på kake
30. Like vokalar
31. Barium

# Gjevarteneste

Barne- og ungdomsarbeid i Bryne,

kto.nr. 3325.25.07057

Trusopplæringa i Time

kto.nr. 3325.39.13407

Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste

ungdomsarbeidar, Undheim

kto.nr. 3325.21.55657

Undheim kyrkje - gåver

kto.nr. 3325 25 08959

Frøyland-Orstad kyrkjelyd,

kto.nr. 3290.60.44179

Kyrkjebygg Frøyland-Orstad

kto.nr. 3325.25.09270

Barne- og ungdomsarbeidar på Lye

kto.nr. 3290.58.78041

Stikk innom vår heimeside

<http://www.time-kyrkja.no>

Nærradioen  
med godt nytt

JÆREN MISJONSRADIO

Trygghemsvegen 13, 4365 Nærø, Tlf.: 51 43 32 22

Sender på  
FM 103.5 - 106.3 - 106.6 - 107.9  
[www.jmradio.no](http://www.jmradio.no)

**Jesus Kristus**  
er i går og i dag  
den samme, ja  
til evig tid.  
Hebr. 13,8.

**Vil du gi en gave til Normisjon?**

**Kontonr: 1503.02.13537**

Husk å øremerke gaven hvis du vil den skal gå til noe spesielt.

[www.normisjon.no](http://www.normisjon.no)

## Ynskjer du nokon å snakke med?

Du er velkommen til å ta kontakt med prest og diakon for samtale.

Sokneprest Gunnar Frøyland (Time)  
tlf. 958 73 847

Sokneprest Stein Ødegård (Bryne)  
tlf. 911 57 105

Sokneprest May Brit Merland Arnø  
tlf. 467 94 518

Diakon Praxedes Slettebø  
tlf. 48 89 69 19

## Miljø, møteplass og misjon



### FRETEX butikk Bryne

Parken senter Inngang ved hjørnet til Erlandsbakken og Meierigata

**Vi tar imot og sel:**  
Klede, kjøkkenutstyr, måleri, bøker, møblar,  
pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.

Telefon 922 09 638

Opningstider: mandag stengt.  
torsdag-fredag 10.00-16.00 laurdag 11.00-15.00



### NMS Gjenbruk Bryne

Parken senter Inngang ved hjørnet Saronsbråtet og Meierigata

**Vi tar imot og sel:**  
Møblar, kjøkkenutstyr, bøker, måleri, leikar,  
pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.

Vi tar imot stumpar av stearinlys

Telefon 400 37 151

Opningstider:  
mandag-fredag 10.00 – 17.00 laurdag 11.00 – 15.00



**BLIFADDER!**

[www.blifadder.no](http://www.blifadder.no)

22 94 26 00 misjonsalliansen



## DØYPTE

### BRYNE Kyrkje

01.09.19: Hedda Fjelde, Emil Berglund  
Fjermestad, Torben Nessa, Hannah Opshaug,  
Ellen Natterøy Thorkildsen  
05.09.19: Sigrid Johanne Dahlstrøm  
Skjæveland  
08.09.19: Aria Lunde Håland, Magnus Heimdal Kristiansson, Are Bjørke Midbrød, Amalie Erland Pedersen  
15.09.19: Noah Austli, Arne Hovland Laihinien, Luka Bekkeheien Ridola  
06.10.19: Elrik Haugvaldstad Gravdal, Noah Hansen  
27.10.19: Sean Enrico Fagertveit, Elias Joon Hodne

### TIME Kyrkje

21.09.19: Ingvild Bjånes, Tønes Steinsland Haug, Felix Fjellheim Jensen, Ada Skåra Loftheim, Alina Jensen Oma, Jonas Rage, Pelle Reve-Øidvin, Emilian Vaaland  
20.10.19: Aksel Borlaug, Storm Njølstad Øglænd, Oda Soldal Reiestad, Jonas Salte

### UNDHEIM Kyrkje

01.09.19: Walter Egeland  
29.09.19: Viljar Hadland, Pernille Haugland, Ragnhild Årdal Helland

### BORN FRÅ TIME DØYPT

#### Andre Stader

06.10.19: Oddvar Torkildsen Skår (Hamre kyrkje)  
13.10.19: William Rosland Egeland (Orre kyrkje)

## VIGDE

### TIME Kyrkje

31.08.19: Helene Malmin og Mats Tegle, Linn Tove Torgersen og Steinar Vatne  
07.09.19: Hege Dale og Kristian Monsen, June Arnøy og Joakim Eielsen Barø  
28.09.19: Siv Rita Lye og Jack Sem Larsen

### BRYNE Kyrkje

24.08.19: Gry Elin Dubland og Jørgen Orstad

## DØDE

Ingrid Høyland (Klepp), Inge Reidar Søyland (Varhaug), Reidun Bjørg Lode, Elbjørg Ree, John Jansen, Torstein Arthur Mathingsdal, Kari Fosse, Haldis Rosland, Aslaug Aase, Judith Lende Høyland, Olaug Njærheim, Alf Egil Skrudland, Erna Hognestad, Sverre Bryne, Ole Bernhard Eriksen, Leif Normann Andenes, Erik Rasmussen, Olav O Hersdal, Henning Johnsen, Milfrid Taksdal, Lars L Undheim, Gudny Lauritsen, Olaug Hildur Ree

### Nye rutinar i samband med bestilling av dåp

Frå 01.01.2020 må alle som bestiller dåp av barn i Time, Bryne eller Undheim kyrkje, framvise kopi av fødselsattest og skjema om godkjent namneval frå Folkeregisteret.

Ta kontakt med Inger-Kathrine Kjølleberg v/Time kyrkjekontor (51770377) dersom det skulle vere spørsmål knytt til dette.



### Støttegrupper Kyrkja sitt tilbod til etterlate

Det finst tilbod om å delta i støttegrupper etter at ein har mista ein av sine nærmeste. Ønsker du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med diakon på:  
[diakon@time-kyrkja.no](mailto:diakon@time-kyrkja.no) eller ring kyrkjekontoret på tlf. 51 77 03 77

**KROGEDAL**  
begravelsesbyrå

**DØGNVAKT**  
**51 97 29 00**

Våre medarbeidere på Jæren  
Runar Apeland, Borgny Å.Skretting  
og Brikt Goa

Kontor: Bryne og Sandnes og Stavanger

**STEINAVDELING**  
GRAVMONUMENT  
PLATER

[www.krogdal.no](http://www.krogdal.no)

**3. GENERASJON BEDEMANN**  
Arild Aase

*Aase*  
Begravelsesbyrå

Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102

24 TIMERS VAKTTELEFON

**Obed Bryne**  
Begravelsesbyrå

Hos oss er dine ønsker  
det viktigste

**24-timers vakttelefon**  
**51 77 80 80**

Les mer på [www.obed.no](http://www.obed.no)

**80 år 1939-2019**

<b>Sundag 1. des.</b>	<b>1. s. i adventstida</b>	<b>Matt 21,1-11</b>
Time kyrkje	11:00 Gudsteneste. Dåp. Nattverd	
Bryne kyrkje	18:00 Gudsteneste	
<b>Sundag 8. des.</b>	<b>2. s. i adventstida</b>	<b>Joh 14,1-4</b>
Undheim kyrkje	10:30 Familiegudsteneste. Dåp	
Lye forsamlingshus	10:30 Gudsteneste. Dåp. Nattverd	
Bryne kyrkje	11:00 Familiefokus. Nattverd	
<b>Torsdag 12. des.</b>	<b>Torsdag e. 2. s. i adventstida</b>	<b>Joh 14,1-4</b>
Bryne kyrkje	09:30 Skulegudsteneste	
<b>Sundag 15. des.</b>	<b>3. s. i adventstida</b>	<b>Matt 11,2-11</b>
Bryne kyrkje	11:00 Familiegudsteneste. Dåp	
Time kyrkje	11:00 Gudsteneste. Dåp	
Undheim kyrkje	14:00 Vi syng jula inn	
Lye forsamlingshus	16:00 Gudsteneste	
<b>Sundag 22. des.</b>	<b>4. s. i adventstida</b>	<b>Luk 1,46-55</b>
Bryne kyrkje	11:00 Gudsteneste. Dåp. Nattverd. Sundagsskule	

**Sjå eiga liste for jule- og nyårshelga**

<b>Sundag 5. jan.</b>	<b>Kristi openberringsdag</b>	<b>Matt 2,1-12</b>
Lye forsamlingshus	10:30 Gudsteneste. Nattverd	
Undheim kyrkje	10:30 Gudsteneste. Dåp. Sundagsskule	
Bryne kyrkje	11:00 Gudsteneste. Dåp. Nattverd. Sundagsskule	
<b>Sundag 12. jan.</b>	<b>2. s. i openberringstida</b>	<b>Matt 3,13-17</b>
Bryne kyrkje	11:00 Gudsteneste. Dåp. Sundagsskule	
Time kyrkje	11:00 Gudsteneste. Dåp	
Time kyrkje	19:00 Minnegudsteneste	
<b>Sundag 19. jan.</b>	<b>3. s. i openberringstida</b>	<b>Joh 2,1-11</b>
Lye forsamlingshus	10:30 Gudsteneste. Dåp	
Undheim kyrkje	10:30 Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule	
Bryne kyrkje	11:00 Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule	
<b>Laurdag 25. jan.</b>	<b>Laurdag e. 2. s. i openberringstida</b>	<b>Joh 2,1-11</b>
Time kyrkje	15:00 Dåpsgudsteneste. Dåp	
<b>Sundag 26. jan.</b>	<b>4. s. i openberringstida</b>	<b>Luk 18,35-43</b>
Time kyrkje	11:00 Gudsteneste. Nattverd	
Bryne kyrkje	11:00 Familiefokus. Nattverd	
Bryne kyrkje	19:00 Kveldsgudsteneste. Nattverd	
<b>Sundag 2. feb.</b>	<b>5. s. i openberringstida</b>	<b>Mark 2,1-12</b>
Lye forsamlingshus	10:30 Gudsteneste. Nattverd	
Undheim kyrkje	10:30 Gudsteneste. Dåp. Sundagsskule	
Bryne kyrkje	11:00 Gudsteneste. Dåp. Sundagsskule	
<b>Sundag 9. feb.</b>	<b>Såmannssundagen</b>	<b>Luk 8,4-15</b>
Time kyrkje	11:00 Gudsteneste. Dåp	
Bryne kyrkje	11:00 Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule	
<b>Sundag 16. feb.</b>	<b>Kristi forklæringsdag</b>	<b>Matt 17,1-9</b>
Lye forsamlingshus	10:30 Gudsteneste. Dåp	
Undheim kyrkje	10:30 Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule	
Bryne kyrkje	11:00 Familiefokus. Nattverd	
<b>Sundag 23. feb.</b>	<b>Fastelavenssundag</b>	<b>Joh 17,20-26</b>
Bryne kyrkje	11:00 Gudsteneste. Dåp. Nattverd. Sundagsskule	
Time kyrkje	11:00 Gudsteneste. Nattverd	




**Skyss til  
gudstenesta**

**TRYNE KYRKE:**  
Sverre M. Lima 51 48 21 33  
Jonas Frøyland 41 30 04 68

**Ring før kl 10.00**



# Velkommen til kyrkje i jule- og nyttårshelga



## Julaftan 24. desember

**Luk 2,1-20**

Bryneheimen	10:00	Gudsteneste
Sivdamsenteret	11:00	Gudsteneste
Bryne kyrkje	14:30	Familiegudsteneste. Song av Jungelkoret
	15:45	Familiegudsteneste. Musikk ved Bryne skulekorps
	17:00	Julaftan. Musikalske innslag
Time kyrkje	14:30	Familiegudsteneste. Songarar og musikarar. Born deltek
	15:45	Gudsteneste. Songarar og musikarar.
	17:00	<b>NB! Ikkje gudsteneste i Time kyrkje</b>
Undheim kyrkje	14:30	Familiegudsteneste. Musikalske innslag

## Juledag 25. desember

**Joh 1,1-14**

Time kyrkje	11:00	Høgtidsgudsteneste. Dåp. Songarar og instrumentalistar
Bryne kyrkje	12:00	Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Songarar og instrumentalistar

## Stefanusdag 26. desember

**Matt 2,16-23**

Undheim kyrkje	10:30	Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Musikalske innslag
----------------	-------	--

## Nyårsaftan 31. desember

**Luk 13,6-9**

Bryne kyrkje	23:15	Midnattsmesse
--------------	-------	---------------

## Nyårsdag 1. januar

**Luk 2,21**

Time kyrkje	11:00	Gudsteneste. Dåp. Nattverd
-------------	-------	----------------------------